



Vaksenopplæringa i Møre og Romsdal

Innbyding til gratis fagdag om arbeidsretta norskopplæring Kristiansund, Grand Hotel, 11.04.13 kl. 10.00 – 15.30

Fylkesmannen viser til svar frå vaksenopplæringa på ønske om tema for fagdagar våren 2013, og til dato som er fastsatt i samarbeid med IKVO Møre og Romsdal.

Med midlar frå Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, innbyr vi lærarar og leiarar i norskopplæring av vaksne innvandrarar i Møre og Romsdal til ein fagdag på Grand Hotel i Kristiansund **torsdag 11. april** frå kl. 10.00 til 15.30, inkl. lunsj. Frammøte/registrering med kaffe/te og rundstykke for tilreisande frå kl. 09.30. Det vil bli to parallelle kurs om arbeidsretta norskopplæring med førelesarar frå Skullerud vaksenopplæring i Oslo. Begge er ein kombinasjon av foredrag og gruppearbeid:

1. Arbeidsretta norskopplæring v/Sindre Sulutvedt
2. Arbeidsretta norskopplæring med læringsmappe v/Nina Jernberg

Nærare omtale av dei parallelle kursa:

1. **Arbeidsretta norskopplæring** tar for seg ulike sider ved å flytte norskopplæringa til ein arbeidsplass. Kurset vil m.a. omhandle følgjande tema:
 - Organisering, inkl. nødvendige avtalar og korleis dette kan gjerast i praksis
 - Kartlegging av bedrifta og deltakarane sine behov
 - Bedriftene sitt språkunivers som grunnlag for undervisninga
 - Pedagogiske val
2. **Arbeidsretta norskopplæring med læringsmappe** vil gi praktiske og pedagogiske tips til korleis ein kan ta i bruk læringsmappe i opplæringa. Kurset vil m.a. omhandle følgjande tema:
 - Arbeids-/praksisplassen som læringsarena
 - Korleis kome i gong med arbeidsretta norskopplæring?
 - Bruk av læringsmappe i undervisningssituasjonen
 - Metodiske opplegg knytt til ulike arbeidsplassar

Vi rår deltakarar frå same arbeidsstad til å melde seg på begge kursa, slik at ein kan ha erfaringsutveksling på arbeidsplassen i etterkant.

Deltakrar frå Søre Sunnmøre og evt. andre med urimeleg lang reiseavstand vil kunne få gratis overnatting i dobbeltrom frå kvelden i forvegen. Evt. enkeltromstillegg må den enkelte sjølv eller arbeidsgivar betale.

Elektronisk påmelding innan måndag **18. mars** under «Kurs og konferansekalender» på den nye heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal: www.fylkesmannen.no/mr

Med helsing

Jørn Thomassen (e.f.)
Ass. utdanningsdirektør

Liv Marie Opstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.